



Arkivnr: 2015/8847-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar

Bakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisjonsrapport innan regionale utviklingsmidlar vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneheld informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismer i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis
6. Sikre at all kommunikasjon med søkjarar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i fylkestinget 04.10.2016 og innstillinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

På bakgrunn av dette er det naturleg at også kontrollutvalet handsamer denne handlingsplanen. Slik praksis har også vore vanleg i oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar.

Handlingsplanen vart difor handsama i møte i kontrollutvalet 20.10.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.1.2017.*

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over handsama i møte i kontrollutvalet 13.02.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på den motekne statusrapporten i høve forbetningsarbeidet når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. Av tilbakemeldinga går det fram at fleire av forbetningspunktene er ferdig gjennomført, men at det samstundes gjenstår ein del arbeid før alt er på plass. Utvalet har m.a. merka oss at politisk sak om partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar skal handsamast i fylkesutvalet 22.2.17.*
2. *På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.*

Drøfting:

Vi har no motteke svar frå fylkesrådmannen dagsett 20.08.2017 i tråd med punkt 2 over. Svaret ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det omfattande forbetningsarbeidet som er gjennomført i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av den mottekte tilbakemeldinga vert det registrert at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram av svaret frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med svaret og seier seg ferdig med saka.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status på oppfølging av forvaltningsrevisjon, Regionale utviklingsmidlar
- 2 Oppretting av søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar